



Opplæringskontoret for transport- og logistikk
Postboks 693
6804 FØRDE

Opplæringsavdelinga

Sakshandsamar:

Sissel Brusegård

E-post: Sissel.Brusegard@sfj.no

Tlf.: 40524464

Vår ref.

Sak nr.: 16/932-7

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

5600/16

Dykkar ref.

Dato

LEIKANGER, 12.02.2016

Svar - kjøp av fag transport og logistikk Førde

Viser til e-post datert 10.02.2016, der fylkesdirektøren for opplæring har fått spørsmål frå Opplæringskontoret for transport og logistikk om kjøp av tilnærma fullstendig, eller fullstendig, vg2 transport og logistikk opplæring for skuleåret 2016-2017 i Førde.

Dette er eit anna spørsmål enn tidlegare spørsmål knytt til 1+3 modell. Føresetnaden for ein 1+3 modell er ein vekslingsmodell der ein større del av opplæringa skal skje i bedrift allereie frå andre året i opplæringa. De opplyser at teoriopplæringa bør skje i andre året av opplæringa med bakgrunn til krav om sertifiseringar. Ein 1+3 modell passar ikkje til dette.

Spørsmålet om fylkeskommunen kan tilby eit vg2-tilbod for opplæringskontoret er prinsipielt. Fylkesdirektøren skal følgje opp vedtaket i hovudutval for opplæring om opplæringstilboden, sak 27/15. I vedtaket er vg2 transport og logistikk tilbod ved Sogndal og Stryn vidaregåande skular for skuleåret 2016-2017. I mars skal hovudutvalet for opplæring justere opplæringstilboden på grunnlag av søkinga til dei utlyste tilboda.

Når fylkesdirektøren skal følgje opp vedtaket kan ein ikkje selje eit tilnærma fullstendig, eller fullstendig vg2-tilbod (fellesfag og programfag) til opplæringskontoret.

Med omsyn til kva fylkeskommunen er forplikta til viser vi til brev datert 01. februar 2016. Dette brevet var svar på spørsmål knytt til kjøp av teori til lærlingar etter 1+3 modellen, e-post datert 14. desember 2015. I brevet presiserer vi:

«Som nemnt ovanfor skal det gå fram av lærekontrakten kva opplæringsansvar bedrifa har for lærlingen. Det er opp til fylkeskommunen om dei vil godkjenne lærekontrakt der ein større del av opplæringa enn det som følgjer av læreplanen skal skje i bedrift. Det er ein føresetnad for inngåing av slik lærekontrakt at fylkeskommunen og lærebedrifa er samde om organiseringa av undervisninga».

«I forarbeida (Ot.prp.nr.41 (2006-2007) punkt 8.1 (merknader til § 3-3) står det følgjande om regelen: «*Fylkeskommunen vil ikke med dette vere pliktig til å tilby alle moglege fag til kvar tid, men bør vere merksam på denne konkrete plikta ved godkjenning av lærekontraktar og godkjenning av opplæringskontraktar, og der lærebedrifa synleggjer at andre enn bedrifa skal stå for delar av opplæringa. I dei tilfella da fylkeskommunen godkjenner ein slik kontrakt, vil fylkeskommunen ha plikt til å tilby den opplæringa som lærebedrifa har oppgitt at andre enn lærebedrifa skal gi lærlingen eller lærekandidaten.»*»

Til dette vil fylkesdirektøren presisere at det er først når søkeratala er kjende at fylkesdirektøren vil kunne vurdere kva teoriopplæring vi kan tilby ut frå tilgjengeleg kompetane og kapasitet, då fortrinnsvis på våre vidaregåande skular i Sogndal og Stryn som har opplæringstilboden for vg2 transport og logistikk skuleåret 2016-2017.

Med helsing

Tor-Einar Holvik Skinlo
ass. fylkesdirektør

Sissel Brusegård
teamleiar



Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift